TYSNES KOMMUNE
Rådmannskontoret
5685 UGGDAL
Telefon 53 43 70 15
Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 17.09.2012

Saksnr.	*Dok.nr*	*Arkivkode*	*Avd/Sek/Saksh*	*Dykkar ref.*
12/322	7488/12	020	FSK/FEL/ANTE/ådh	

MØTEREFERAT 07.9.12

Det vart halde møte i eldrerådet fredag 7. september 2012 kl. 13.00 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen
Erna Drange

Anne Lise Holmelid og Gerd Gransjøen hadde meldt forfall.
Olga Gransjøen og Sigmund Meland møtte som varamenn.

Reidun Sellevåg møtte ikkje.

Elles møtte ordførar Kjetil Hestad i sak 3, samt Anders Teigen som sekretær.

Sak 3 Eldredagen 1. oktober

Eldredagen vert 1. oktober kl. 14:00 i Uggdal i ungdomshuset. Det vert å søkja formannskapet om å få dekka leige til huset.

Billettar vil kosta kr. 150.

Ein vil kontakta Knut Rage, Heidi Hollekim eller Åshild Matre, og Marta Åsheim om underhaldning.

Sak 4 Eldrerådskonferanse 30. og 31. oktober

Freddy Jensen eller Anne Lise Holmelid reiser på denne.

Sak 5 Oppfølging av direkte buss til Bergen

Ordførar orienterte om ulike reisealternativ frå Tysnes til Bergen.

Det er mogeleg å reisa med Hardangerfjordekspressen frå Malkenes til Bergen sentrum. Det er drosjebuss frå Uggdal til Malkenes og buss frå kai i Bergen til Haukeland.

Det blir lansert båtrute frå Våge til Os, der det er mogeleg å ta buss vidare til Bergen.

Tredje alternativ er å ta ferja frå Våge til Halhjem, og buss vidare til Bergen. Utfordringa med dette alternativet er å få god nok korrespondanse mellom ferja og bussen. Det vart referert til fleire tilfelle der dette ikkje var godt nok, og dette må betrast. Ordførar bed om å få tilbakemelding på konkrete tilfelle der denne korrespondansen sviktar, slik at han kan ta dette opp vidare. Ferjealternativet er det beste, men det er svært viktig med korrespondanse samt at bussen må køyra via Haukeland.

Det er truleg ikkje råd til å få tilbake direktebuss frå Tysnes til Bergen, men me bør heller prøva å få bussavgangar frå Os til å køyra via Haukeland.

Det vart også teke opp i møtet at korrespondanse mellom ferje og buss på Jektevik er teken bort, sjølv om det ikkje er oppdatert i ruteheftet. Dette er ikkje tilfredsstillande.

Desse spørsmåla er noko kommunen arbeider med å få ei betring på.

Ymse

Ordførar informerte om at administrasjonen arbeider med det førebuande arbeidet i høve sjukeheimsutbygginga.

Det vart informert om skriv frå Tysnes Sparebank vedkomande betalingsgebyr. Gebyra vert ikkje endra.

Leiar tok opp at det burde vera lettare å finna fram til eldrerådet på nettsidene til kommunen.

Møtet slutt kl. 15.50

Anders Teigen
referent